



DEN NORSKE KYRKJA
Haram kyrkjelege fellesråd

FAD
Kirkeavdelingen
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
09/00052-007 012.2

Vår sakshandsamar:
Hege Steinsland

Dato
6. september 2010

**Høyringsuttale På endringer i gravferdsloven og kirkeloven.
frå Haram kyrkjelege fellesråd**

Haram kyrkjelege fellesråd omfattar fem sokn, to tidlegare prestegjeld, har 9 gravstader fordelt på fastland og øyer, og i snitt 90 gravferder pr år. Det er enkelte punkt i høyringsnotatet av juni 2010 vi vil uttale oss om:

Forslag til endring i gravferdsloven § 23. Forvaltningsansvar

Nytt tredje ledd skal lyde:

Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr minst en gang i året de tros – og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas.

Dette forslaget kjem i staden for eit gravferdsfagleg forum på bispedømenivå, som departementet meiner vanskeleg vil kunne ha den naudsynte nærleik til lokal gravferdsforvaltning.

Kommentar:

Her vil vi seie oss usamde i departementet si vudering.

Kyrkjevevjene i Møre bispedøme har regelmessig kontakt og eit godt nettverk for utveksling. Her er også samla mykje kompetanse på gravferdsforvaltning. Dette forum har igjen tett kontakt med bispedømerådet. Det vil ikkje være vanskeleg å ha nærleik til lokal forvaltning.

Det kan være ei større utfordring når personar med lite fagleg innsikt i gravferdsforvaltning, og i tillegg nær kjenslemessig tilknytning til tematikken, skal meine om forvaltningsspørsmål. Det vil være ei utfordring å ha eit kompetent forum i landkommunar som vår, sjølv om vår ikkje er av dei minste. Samstundes er det eit klart behov å ha ein stad å vende seg for rådføring der ein møter kompetanse og erfaring på feltet.

Det er også stort press på gravferdsforvaltninga i landkommunar, der stillingar ofte er kombinert med eit spekter av andre oppgåver. Eit pålegg i lovsform om eit slikt årleg møte vil måtte gå framfor andre presterande oppgåver. Det vil i mange tilfeller være svært uklart kven som skal innkallast til eit slikt årleg drøftingsmøte. Det er naturleg å relevant å invitere gravferdsbyrå og

andre aktører til drøftingsmøte med jevne mellomrom. Det synes likevel ikkje nødvendig at dette skal nedfellast i lov.

Forslag:

Vi vil halde fram eit fagleg forum på bispedømenivå som det beste alternativ. Dette vil dekke eit behov for ein fagleg oppdatert stad å hente råd, og dei vil også ha eit langt breiare erfaringsgrunnlag å uttale seg på. Dette forum, kan imidlertid ha i sin instruks å innkalle aktuelle trus og livssynssamfunn som er aktive i bispedøme til årlege drøftingsmøter, seminar el.l. Det er større sjanse for at ein på eit slikt nivå får eit konstruktivt forum.

4.4. Kirkegård – betegnelse og beliggenhet

Kommentar og forslag

Det er naturleg å skifte namn frå kyrkjegard til gravstad. I § 10 vil ein erstatte kirkegårdsmyndighet med gravlundmyndighet. Vi meiner det er meir relevant å forsette på sporet med ord som ”gravferdslova”, ”gravferdsforvaltninga” og dermed ta i bruk eit ord som ”**gravferdsmyndighet**”.

§ 12 og 13 frist og unntak for regelen om frist for gravlegging.

Kommentar

Vi ser ein trend i retning av stadig meir forventning om individuell tilpassing ved gravferd. Vi ser også ein tendens til at ikkje alle graverder får høgaste prioritet, men skal passast inn i ein travel kvardag for pårørande. Når det er tragiske dødsfall er dette aldri eit problem. Då kan utfordringa tvert i mot være belastninga dei pårørande kan kjenne dersom dei må vente på gravferda for lenge.

Lokal gravferdsmyndighet vil strekke seg for å finne gode løysningar i lag med dei pårørande. Nokon gonger må ein gå ut over dei 8 dagane som lova føreskriv for å imøtekomme behov frå familien eller grunna interne utfordringar som t.d. kapasitet.

Når ein i lovendringa legg opp til å utvide 8 dagersfristen til 14 dagar gjev ein rom for at det å vente med gravferd kan bli ei normalordning. Det synes likevel ikkje å være trong for å gje rom for ei ytterlegare utsetting utover 14 dagar. Dersom lova legg opp til dette vil presset på lokal forvaltning kunne auke. Dess lenger ei gravferd vert skjøve fram i tid, dess større konsekvenser kan det får for andre gravferder som kjem til. Ein slik åpning i lovs form kan undergrave at pårørande avbryt t.d. ei reise for å nå heim til gravferd. Det er også mogleg at det kan slå ut i høve til reiseforsikring m.m i slike høve dersom lova vert opnare på dette punktet. Alt dette aukar presset på den som skal ta avgjerda om gravferdstidspunkt lokalt.

Det kan først flerie typer argumentasjon for at ei gravferd ikkje bør utsettast for lenge, og med gjeldande lov har ein opning til å gjere unntak når det er behov. Slik presiserer ein at utsetting av gravferdstidspunkt er eit unntak og ikkje normalordning.

Forslag:

Vi foreslår at § 12 opprettheld 8 dagers fristen og at ein beheld formuleringa i § 13 om at fristen i § 12 kan forlengast dersom det er tungtveiende grunner for dette.

Forslag til endring i gravferdsloven § 4. Anlegg m.v av gravlund og krematorium.

Kommentar:

Forslaget legg opp til at anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygninger på gravlund ikke kan skje uten tilslutning frå kommunen og med tillatelse fra bispedømeråd.

Bispedømerådet er, og bør fortsette å være, godkjenningsinstans for slike tiltak. Det synes derimot unaturleg å innføre kommunen som beslutningsorgan over ansvarleg organ for gravferdsforvaltning, i dei fleste tilfeller, kyrkjeleg fellestråd. Kommunen har framleis stor innflytelse som bevilgende myndighet i slike saker.

Forslag:

Vi vil tilrå at kommunen får same rolle som menighetsmøtet har hatt, høve til å uttale seg, og at det vert avgrensa til dei same tiltaka, oppføring av krematorium og anlegg og nedlegging av kyrkjegard.

Tilpasning til ny organisering av prestatjenesten

Kommentar

Det er fint at lova kan ta opp i seg dei endringane som har skjedd i samband med at ordet prestegjeld ikkje lenger har eit praktisk innhald. Vi stiller likevel spørsmålsteikn med om det er så enkelt som å gjennomgåande fylle inn prosti i staden.

Eit prestegjeld inngår i eit fellestrådsområde, i nokre tilfeller fleire. Til fellestrådsområde ligg det eit demokratisk valgt organ, der også prestane er representert.

Prostiet er pr i dag ei geografisk inndeling for prestatenesta og leiing i embetslinja. Prostiet er også eit område der dei aktuelle fellestråda har interesse av eit samarbeid p.g.a dette. Det er ikkje pr i dag knytta noko demokratisk valgt organ til dette nivået.

Forslag:

Dersom kyrkjestrutturen skal byggast meir opp rundt prosti bør tilhøve til rådsstrukturen avklarast nærare. Før det er gjort bør heller Fellestrådsområde som eining komme tydelegare fram i lovteksten.

§ 5. soknets organer

Kommentar:

I tredje ledd av § 5 vert etter vårt syn ei unntaksordning halde fram på ein unaturleg måte. Slik det stod før, når prestegjeld var det aktuelle ordet i paragrafen, hadde det relevans. I Møre bispedøme var situasjonen aktuell i fleire prestegjeld.

Så langt vi kjenner til er det ingen prosti i Møre der alle sokna høyrer til samme kommune. Dersom det i store kommunar, som inneheld fleire prosti, er ønske om mindre einingar, er det truleg meir naturlege måtar å ordne dette på enn å dele ein kommune opp i mindre fellestrådsområder.

Forslag:

§ 5, tredje ledd bør etter vårt syn enten gå ut eller formulerast i retning av at ” der gode grunner talar for det kan departementet foreta tilpasningar i bestemmelsen av kirkelig fellestråd.”

§ 9 Menighetsrådets oppgaver

Femte ledd i § 9 er foreslått oppheva.

Det meiner vi er uklokt, og tek frå soknerådet ein vesentelg uttalerett.

Forslag:

Det bør heller stå noko i retning av at

” Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsrådet uttale seg om endring i fordeling av oppgaver til, ev overflytting av deres sokneprest.


§11 Menighetsmøtets oppgaver

Kommentar og forslag:

Det er foreslått å ta bort oppgaver frå Menighetsmøte som organ.

For å bygge opp under det lokale engasjementet vil vi foreslå at uttaleretten i punkt b,c og d i eksisterande § 11 vert overført til soknerådet og ikkje berre teke bort frå lokaldemokratiet.

For Haram kyrkjelege felle råd



Hege Steinsland

Kyrkjevevje

Peter Odd Bjørkhaug

Leiar